

REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I NGIR

Tid: 27.10.14, kl 11.30

Stad: Kjevikdalen

Desse representantane møtte:

Austrheim: Magnus Kvingedal
Fedje: Hilde Koppen
Gulen: Bjarte Undertun
Lindås: Nina Stabell Øvreås, Leif Hosøy Sleire, Odin Kristiansen (1.vara)
Masfjorden: Janne Judith K. Sandnes (2. vara)
Meland: Ragnar Bratland, Tormod Skurtveit (1. vara)
Modalen:
Radøy: Marianne T. Osa, Dag Sætre
Solund: Sveinung Kråkås (repr.sk.leiar), Gunn Amdal Mongstad

Frå styret:

Helge Fjellanger (styreleiar)

Frå administrasjonen:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar) og Rune Ones (ref).

Saksliste:

Sak 09/14 Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 10/14 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll
Sak 11/14 Meldingar (munnlege i møtet)
a) Resultat frå benchmarkinga
b) Nye avfallspolitiske mål i EU
c) Ny avfallsforskrift
d) Diverse orientering
Sak 12/14 Investeringsbudsjett 2015
Sak 13/14 Driftsbudsjett 2015
Sak 14/14 Renovasjonsgebyr 2015
Sak 15/14 Slamgebyr 2015
Sak 16/14 Økonomiplan 2015-2018

Møtet vart utsett ca ein time då det berre møtte 10 representantar inklusiv leiar. Det vart ringt rundt til fleire representantskapsmedlemmer for å freista å få ytterlegare tre representantar til å møta for å ha eit vedtaksført representantskap (13 av 19).

Sak 09/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjent av representantskapet.

Sak 10/14 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll

Marianne T. Osa (Radøy) og Nina S. Øvreås (Lindås) vart samrøystes valde til å skriva under møteprotokollen i tillegg til representantskapsleiaren.

Sak 11/14 Meldingar

Diverse munnleg orientering

Dagleg leiar orienterte om følgjande saker:

- Det har vore tilsyn frå Fylkesmannen med fokus på deponigass og sigevatn. Rapport frå tilsynet er enno ikkje motteke av selskapet.
- Arbeid med planlegging av reinseanlegg. Der har ein bestemt prinsipp for plassering, og NGIR arbeidar med meir detaljerte planar.
- NGIR utvidar tilbodet om informasjon til abonnentane på tre felt.
 1. Gjennom Nordhordlandskart tilbyr no NGIR karttenester der abonnentane kan finna henteruter, hytte- og glaskonteinrar og tømmehyppigheit m.m.
 2. NGIR har teke i bruk Facebook for å nå nye målgrupper.
 3. Ein vil ta i bruk SMS varsling når det oppstår spesielle forhold ein vil informera om, t.d. årsak til manglande henting.
- Det er kome "Forskrift om endring i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall" § 15-4. Separat regnskap og kostnadsfordeling legg føringar for kostnadsfordeling mellom hushalds- og næringsavfall. NGIR har alltid føretatt kostnadsfordeling slik forskrifta føreset, men spesielt for nokre forbrenningsanlegg vil forskriftsendringa kunna føra til endra konkurranseforhold i marknaden.
- EU-kommisjonen har i framlegg til ny strategi for materialgjenvinning sett fram forslag til krav om nasjonale mål på 70 % materialgjenvinning for hushaldsavfall og 80 % for industriavfall. Desse krava vil utløysa trong for meir industriell handsaming av avfall dersom ein skal nå måla.
- NGIR har "Benchmarka" seg mot andre avfallsselskap som til saman dekker ca 50 % av befolkninga. Det vart gjeve ein gjennomgang av resultatata. NGIR kjem relativt godt ut og spesielt på kundetilfredsheit, der ein var best i landet. NGIR nyttar resultatata til forbetningsarbeid.
- NGIR startar i desse dagar transport av avfall til Sverige på jernbane. Dette er nytt og er eit resultat av eit samarbeidsprosjekt mellom Bring, IKEA og Rekom. Det vert produsert spesialkonteinrar til formålet. NGIR vert avfallsleverandør.

Sak 12/14 Investeringsbudsjett 2015

Dagleg leiar gjekk gjennom investeringsbudsjettet og gjorde greie for endringar i forhold til rekkjefølgje for investeringar og endringar i forhold til økonomiplan.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner fylgjande investeringsbudsjettet for 2015:

Skildring	Sum 2015
Tilleggsareal Kjevikkalden og Manger	2 000 000
Bil (utsett frå 2014)	300 000
Lastebil med hengar	2 100 000
Trommelsikt slam	2 800 000
Presse avfall	2 500 000
Hjullastar	2 000 000
Konteinarar	1 000 000
Dunkar	500 000
Diverse	2 000 000
Truck (utgår)	0
Utviding adm.bygg (utsett til 2016)	0
Betongplate sortering av treverk (utsett til 2016)	0
Sum	15 200 000

Samrøystes tilrådd av styret 07.10.14

Samrøystes vedteke av representantskapet

Sak 13/14 Driftsbudsjett 2015

I driftsbudsjett for 2015 finn ein alle samlekontoar som NGIR i 2015 budsjetterer inntekter og kostnader på.

Budsjettet er fordelt på 4 avdelingar:

- Hushald/hytter
- Næring
- Slam
- Bilvrak

Det er budsjettert med eit underskot på kr 1 884 000, fordelt på - kr 1 596 000 på hushald, + kr 463 000 på næring, - kr 1 177 000 på slam og + kr 426 000 på bilvrak.

NGIR har eit utjamningsfond for hushalda på kr 6 371 861 ved starten av 2014. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert bruk av utjamningsfondet for 2014, vil fondet vera litt om lag 940 000 kroner ved utgongen av budsjettåret.

NGIR har eit utjamningsfond for slam på kr 2 816 180 ved starten av 2014. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert endring for 2014, vil fondet vera om lag 1,35 millionar kroner ved utgongen av budsjettåret.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner driftsbudsjettet for 2014.

Samrøystes tilrådd av styret 07.10.14.

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Sak 14/14 Renovasjonsgebyr 2015

2,9 % auke i gebyr frå 2014 til 2015

Renovasjonsgebyret har vore uendra i perioden 2012-2014. Renovasjonsgebyret i 2015 må aukast for å dekkja auka kostnader. Auken vil vera mellom 2,6 % og 3,9 % alt etter kva abonnement ein har. Eit normalabonnement (som dei fleste har) vil få ei auke på 2,9 %, og utgjere kr 80. I økonomiplanen for 2014-2017 var det kalkulert med at renovasjonsgebyret skulle auka med 5,9 % frå 2014 til 2015.

Gebyra vert fastsett av kommunane.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Renovasjonsgebyr 2015	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 2 520,00	kr 2 120,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 840,00	kr 2 440,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 160,00	kr 2 760,00
Hytterenovasjon		kr 1 420,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Då Fedje kommune utfører ein del tenester sjølv, vil prisane til Fedje kommune (frå NGIR) vera kr 134 lågare per hushaldskunde og kr 67 lågare per hyttekunde.

Samrøystes tilrådd av styret 07.10.14.

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Sak 15/14 Slamgebyr 2015

NGIR tilrår kommunane å vedta uendra slamgebyr frå 2014 til 2015.

Det er budsjettert med kr 1 177 000 i underskot frå slam. For å finansiera dette vil ein nytta utjammingsfondet.

Gebyr septikslam private: kr 747
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar: kr 301

Av dette utgjer handsamingskostnadene kr 132 per septiktank og kr 47 per kubikk slam frå kommunale avskiljarar. Resten av kostnadene er transport.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar for slam i 2014:

Gebyr septikslam private: kr 747
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar: kr 301

Samrøystes tilrådd av styret 07.10.14.

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Sak 16/14 Økonomiplan 2015-2018

Med utgangspunkt i økonomiplanen for 2014-2017 er det utarbeidd ein plan over korleis økonomien ser ut til å utvikla seg. Det er sett opp driftsbudsjett, investeringsbudsjett og forventa renovasjonsgebyr for åra 2015 til 2018. Det er også sett opp sjølvkostrekneskap og forventa utvikling av utjammingsfonda.

Det er viktig å merka seg at økonomiplanen er basert på mange usikre faktorar.


Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2015-2018.

Samrøystes tilrådd av styret 07.10.14:

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Kjevikdalen 27.10.14



Sveinung Kråkås
-Representantskapsleiar-



Nina S. Øvreås
-Representantskapsmedlem-



Marianne T. Osa
-Representantskapsmedlem-